


Brattholmen

TEMA: Kremmerleir ①105, Tettstedene ①110
KART: ④440, ④444

Den gamle gjestgjevarstaden i BRATTHOLMEN på austsida av Litlesotra, vart truleg oppretta i første halvdel av 1700-talet. I ei liste frå 1748 heiter det at staden i «nogle aar har været beboet af en Enroulleret Matros ved navn PEDER MICHELSEN». Som dei fleste andre militære krovertar var han friteken for inntektsskatt.



Naust i Nordvika. Framleis finn vi slike perler langs kysten av Sotra.

T.v.: Gjestgjevarstaden i Brattholmen.

Gjestgjevarstaden i Brattholmen vart først og fremst plassert her fordi det var «en meget bequem Havn for Seilende fra og til Bergen naar enten Stille Vêjr indfalder eller og Vinden og Strømmen hindrer Skibene at komme videre». Frå 1772 dreiv THOMAS FRIIS gjestgjevarstaden, og han selde han att til tollbetjent HANS

DAHLE i 1788. Dahle budde sjølv i Bergen og dreiv losjstaden ved paktaren NIELS PEDERSEN. ENDRE DALE overtok Brattholmen i 1827 og JOHAN WILHELM JUUHL i 1845. Etter det utvikla gjestgjevarstaden seg også til å verta ein sentral handelsstad med dampskipsstoppestad, så lenge dette trafikkmønsteret stod ved lag.

Frå sjøen er den gamle hovudbygningen lett kjenneleg, med eit sveitserstilseksterior frå hundreårsskiftet, tårn og utskorne drakehovud i gavlane. I tillegg til hovudbygningen har det også vore sjøhus med brenneri her, handel, drenge-stove, kjeglebane og badehus. □

KNARRVIKA - EIT INDUSTRIEVENTYR I MELLOMKRIGSTIDA

Vel over brua til Sotra passerer du eit industrianlegg med ein byrjande tettstad kring; mineralmølla til A/S NORWEGIAN TALC. Ein del av bygningane ber preg av å vera reiste tidleg på 1900-talet. Dei er leivningar frå eit storindustrielt anlegg frå den førre «jappetida» i landet – høgkonjunkturen etter den første verdskrigen. Svære inntekter frå fiskeeksport og sjofart skapte eit akutt investeringspress. Dette førte til ei

Fosfatfabrikken ligg midt på biletet, kontorbygningen til venstre og sildeoljefabrikken til høgre. Biletet til høgre: Interiør frå fosfatfabrikken.



industrietablering som bergensk reiar kapital stod bak: A/S Den Norske Superfosfatfabrikk. Dette anlegget vart bygt ut i åra 1916–20; ein fabrikk for framstilling av gjødningsstoff som tidlegare vart importert, basert på elektrisk kraft. Aksjekapitalen var over 10 millionar kroner.

Saman med ein stor sildeoljefabrikk og eit



par mindre anlegg for framstilling av kalk og mørtel representerte dette likevel nok arbeidsplassar til at staden passerte «tettstadsgrensa» i 1920. Dei mange produksjonsbygningane, arbeidarbustader og administrasjonsbygg gav staden eit bygningsmessig preg av tettstad, men dette skulle ikkje vara lenge: Konjunkturomslaget i 1920-åra førte til at drifta måtte stansa ved fosfatfabrikken, kapitalen gjekk tapt og sjølve hovudanlegget vart liggjande, inntil det vart starta opp ny næringsdrift kring 1935; A/S Norwegian Talc. Sildeoljefabrikken vart nedlagd i 1974, men etter at brua kom i 1972, er Knarrvika likevel blitt ein «industripark» i kommunen med steinbrot, mekanisk verkstad og gjenvinningsstasjon for papir.

Arbeidarbustader i Knarrvika.

